

Programdokument for stipendordninga i Eurasia-programmet, 2011-2014

Stipendordninga er ein del av Utanriksdepartementets tilskotsordning for prosjektbistand til ODA-godkjente OSSE-land i Eurasia. Etter avtale vert midlar som skal brukast til utdanningssamarbeid forvalta av Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU). Ved SIU vert desse midlane kanalisert gjennom *Program for samarbeid om høgere utdanning i Eurasia*.

Eurasia-programmet har som overordna mål å bidra til fornying og auka internasjonalisering av høgare utdanning som eit verkemiddel til å leggje grunnlag for politiske og økonomiske reformer, stimulere til berekraftig utvikling av miljøet, heve utdanningsnivået i befolkninga og auke respekten for menneskerettane i samarbeidslanda.

Eurasia-programmet har to delar; ei ordning for prosjektsamarbeid mellom utdanningsinstitusjonar i Noreg og Eurasia og ei stipendordning. Stipendordninga omfattar utdanningsstipend til studentar frå Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Hviterussland, Kasakhstan, Kirgisistan, Moldova, Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan for studiar ved høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg.

Stipendordninga er finansiert av Utanriksdepartementet og vert administrert av SIU. Programperioden går over fire år, frå 2011 til 2014. Alle aktivitetar som vert finansiert gjennom stipendordninga må vere avslutta innan 31.12.2014. Den totale økonomiske ramma for programperioden er inntil NOK 20 millionar over fire år, med atterhald om godkjenning frå Stortinget.

Måla med stipendordninga er å:

- Leggje til rette for at studentar frå samarbeidslanda i Eurasia kan gjennomføre delar av eit studium eller eit heilt gradstudium ved ein høgare utdanningsinstitusjon i Noreg.
- Gi studentar frå samarbeidslanda kunnskap om og erfaring frå Noreg.
- Støtte opp om eksisterande avtalar om utdannings- og forskingssamarbeid mellom norske høgare utdanningsinstitusjonar og tilsvarende institusjonar i Eurasia.
- Stimulere til og utvikle nye samarbeidsavtalar mellom norske universitet og høgskular og høgare utdanningsinstitusjonar i Eurasia.
- Stimulere til auka relasjonar mellom Noreg og samarbeidslanda.

1. Administrativ handtering av stipendordninga

Det vil bli lagt opp til ei ordning der norske høgare utdanningsinstitusjonar kan søkje SIU om å disponere stipendplassar til fordeling blant studentar frå samarbeidslanda. Etter at stipendplassane er tildelt institusjonane, kan studentar frå dei aktuelle landa som fyller eit sett nærmare definerte vilkår, bli rekruttert til studiestaden i Noreg.

SIU administrerer stipendprogrammet, og vil i samband med dette ha ansvar for:

- Informasjon om stipendordninga til relevante interessentar i Noreg og i samarbeidslanda.
- Utlysing av stipendplassar til norske institusjonar.
- Mottak, førebuing og behandling av søknader innanfor ordninga.
- Utarbeide innstillingar og forslag til vedtak for Eurasia-programstyret basert på dei føringane som er lagt for stipendordninga og Eurasia-programmet.
- Oppfølging av institusjonane som har fått tildelt stipendplassar i høve til økonomi og rapportering.
- Årleg rapportering om aktivitetar og økonomi innanfor stipendordninga til Utanriksdepartementet.

Eurasia-programstyret foretar endeleg vedtak om tildeling av studieplassar til institusjonane, basert på formålet og prioriteringane for Eurasia-programmet og stipendordninga, og tildelingskriteria som er definert for stipendordninga. Programstyret skal i tillegg ta omsyn til overordna føringar frå Utanriksdepartementet og samansetjinga av porteføljen i ordninga.

Klager på vedtak om tildeling av stipendplassar som er fatta av Programstyret, skal sendast til SIUs styre som klageinstans. Klager vert handsama i tråd med kap. VI i Forvaltingslova. Ei eventuell klage på enkeltvedtak fatta av Programstyret må fremmast skriftleg til SIU innan tre veker frå det tidspunktet ein mottok orientering om vedtaket.

2. Søknadsprosedyrar og krav til søkjarane

Søknadsprosedyrar

Norske høgare utdanningsinstitusjonar søker til Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU) om å disponere stipendplassar innanfor ordninga. Søknadane skal leverast gjennom SIUs online system for søknader og rapportering, Espresso, som er tilgjengeleg på: <http://espresso.siu.no>.

Søknader til SIU skal innehalde opplysningar om:

- Talet på studieplassar institusjonen søker, fordelt på plassar til delstudiar og plassar til heile gradsstudium.

- Kva fagområde og utdanningsnivå ein planlegg å relatere stipendplassane til.
- Kva land og institusjonar i Eurasia-området ein tenkjer studentane skal rekrutterast frå.
- Eksisterande samarbeidsaktivitetar med aktuelle institusjonar i Eurasia.
- Eventuelle planlagde samarbeidsaktivitetar med aktuelle institusjonar i Eurasia.
- Eventuelle planar for gjensidig mobilitet.

Institusjonar som ønskjer å ta opp studentar under stipendordninga må kunne vise til *eksisterande* eller *planlagde* samarbeidsavtaler med dei utdanningsinstitusjonane som studentane vert rekruttert frå. Auka akademisk samarbeid og kontakt mellom Noreg og samarbeidslanda i Eurasia er eit mål med ordninga, og SIU oppfordrar institusjonane i Noreg til å bruke stipendprogrammet til å etablere nye avtalar og utvide kontaktnettet sitt i samarbeidslanda. I søknaden må samarbeid dokumenterast ved å leggje ved kopi av samarbeidsavtalar med partnerinstitusjonar eller anna stadfesting av interesse for samarbeid frå aktuelle samarbeidspartnarar ("Letter of intent").

Det kan søkjast om stipendplassar for studentar på alle utdanningsnivå; bachelor, master og ph.d. Ved delstudiar skal opphaldet ved norsk lærestad normalt ikkje vere under tre månader, uavhengig av utdanningsnivå. Eit delstudium kan vare i opptil to semester.

Satsar

Stipenda vert tildelt med utgangspunkt i satsane til Statens lånekasse for utdanning. På bachelor- og masternivå utgjer stipendet NOK 9 080 per måned per student. Stipenda følgjer Lånekassa sine satsar for kvart studieår. Stipend kan tildelast for inntil 10 månader per studieår. For haustsemesteret vert det tildelt stipend for inntil 5 månader per student, og for vårsemesteret vert det tildelt stipend for inntil 5 månader per student.

På ph.d.-nivå utgjer stipendet NOK 9 960 per måned per student, og stipend vert tildelt for inntil 12 månader per studieår. Stipenda vert justert tilsvarende ein eventuell auke i Lånekassa sine satsar for kvart studieår. For haustsemesteret vert det tildelt stipend for inntil 6 månader per student, og for vårsemesteret vert det tildelt stipend for inntil 6 månader per student. Stipendmottakarane på ph.d.-nivå kan få støtte fram til avhandlinga er levert, då under føresetnad av at dei følgjer normal progresjon slik denne er definert i retningslinjene for stipendordninga.

På alle utdanningsnivå vert det i tillegg gitt ei årleg reisestøtte på NOK 10 000 per stipendmottakar.

Stipendet skal tildelast som støtte til reise og opphald. Institusjonane kan omdisponere einskildmånader mellom stipendiatar for å tilpasse talet på månader til kor lenge opphaldet til kvar einskild student skal vare.

Dersom ein stipendmottakar som er i gang med ei gradstudium ved ein norsk lærestad vert forseinka i utdanninga på grunn av dokumentert sjukdom eller manglande studieprogresjon, er det mogeleg for institusjonen å søkje om tilleggstøtte for studenten i inntil eit semester. Ved sjukdom kan institusjonen i særlege tilfelle søkje om tilleggstøtte for stipendmottakaren i inntil to semester. Ved forseinking som skuldast dokumentert graviditet/foreldrepermisjon vil det vere mogeleg å søkje om tilleggstøtte i inntil to semester. Søknadsprosedyrar for tilleggstøtte ved forseinkingar vil bli gjort kjent på [SIUs nettsider](#).

Krav til studiestaden i Noreg

Stipendplassar kan tildelast alle norske høgare utdanningsinstitusjonar som tilbyr akkrediterte studieprogram og emne. Ordninga gjeld både statlege og private høgare utdanningsinstitusjonar.

Den norske studiestaden har ansvar for rekruttering og opptak av studentar under ordninga, og for utbetaling av stipend til stipendmottakarane. Institusjonen har også ansvar for at tildelte stipendplassar blir forvalta i tråd med formåla i Eurasia-programmet og måla for stipendordninga.

Studiestaden må setje av plassar til studentar som er i gang med ei gradstudium under stipendordninga, slik at alle får ein rimeleg sjanse til å fullføre ei påbyrja utdanning. Stipendmottakarar under ordninga skal ha rett til plassen i inntil to semester ved forseinking som skuldast fødsel og eller sjukdom, og i inntil eit semester ved forseinking som skuldast manglande studieprogresjon.

Når studieplassar vert ledige ved at studentar fullfører eller avbryt utdanninga, kan lærestaden disponere plassen til nye studentar innanfor stipendordninga, dersom det er rom for det innanfor ramma SIU har sett for lærestaden i det aktuelle studieåret.

Studiestadene må informere Utlendingsdirektoratet (UDI) om studentar som vert tekne opp under ordninga. Studiestadene må også orientere UDI om studieprogresjonen til den einkilde student. Årsaka til dette er at studenten skal kunne fullføre utdanninga utan å komme i strid med reglane for opphaldsløyve.

Studiestadene må vere førebudd på å rapportere til SIU på kva grunnlag ein har rekruttert studentar innanfor ordninga, og kva slags utdanning studentane tar/har teke i Noreg. Ubrukte studieplassar og studieplassar som vert nytta i strid med føresetningane for fordeling av plassar, vil bli trekt tilbake og omfordelt til andre studiestader.

Når studentar med stipend frå ordninga avsluttar ei gradstudium, skal studiestaden gi melding til SIU om avlagt grad og tittel på eventuell master- eller ph.d.-oppgåve.

Institusjonane skal sende inn rapport til SIU årleg, innan 1. mars kvart år. Rapportane skal leverast inn gjennom SIUs online system for søknader og rapportering, Espresso. Institusjonane vil blant anna bli bedt om å rapportere på:

- Opptak av studentar til ulike fagområde
- Studiepoengproduksjon
- Utvikling av samarbeid med institusjonane i Eurasia.
- Økonomisk rekneskap

Rapporteringsformat vil vere tilgjengeleg i Espresso 2 månader før rapporteringsfristen.

Alle institusjonar som får tildelt stipendplassar skal levere ein sluttrapport med rekneskap. Dersom institusjonen ikkje er underlagt kommunal/riksrevisjon, skal det leverast revisjonsattest etter RS800-standard. Sluttrapport skal leverast inn gjennom SIUs online system for søknader og rapportering, Espresso. I sluttrapporten vil institusjonane bli bedt om å rapportere på gjennomførte aktivitetar i høve til godkjent plan, kostnader i høve til godkjent budsjett, studiepoengproduksjon, avlagte grader, måloppnåing, positive og negative effektar og hovuderfaringar med stipendordninga.

Krav til stipendmottakarane

Stipendmottakarane må vere registrerte studentar eller ha annan formell tilknytning til ein høgare utdanningsinstitusjon i samarbeidslanda i Eurasia. Ordninga er også open for stipendmottakarar som har avslutta ei gradsutdanning ved lærestaden i heimlandet i løpet av det siste studieåret før opphaldet ved den norske institusjonen skal gjennomførast.

Det er ikkje eit krav at stipendmottakarane skal tilhøyre utdanningsinstitusjonar som er involvert i prosjektsamarbeid finansiert av Eurasia-programmet, men institusjonen i heimlandet må ha ein eksisterande eller planlagt samarbeidsavtale med studiestaden i Noreg.

Stipendmottakarane må ha kompetanse som tilsvarar minst to år med høgare utdanning frå heimlandet. Det kan gjerast unntak frå dette kravet for studentar som vert tekne opp til korte profesjonsutdanningar, dersom studenten elles fyller vilkåra for opptak til utdanninga.

Stipendmottakarane må ha tilstrekkelege språkkunnskapar i engelsk eller norsk til å kunne følgje studiet ved den norske lærestaden dei vert rekruttert til.

Det er til vanleg eit vilkår at stipendmottakaren skal søkje opptak frå heimlandet og kunne dokumentere opphald i heimlandet i minst eit år før opptak. Unntak frå kravet om å søkje frå heimlandet kan bli gjort dersom søkjaren tidlegare har fått finansiert høgare utdanning i Noreg gjennom norske støtteordningar, Lånekassen, Noregs Forskingsråd eller liknande.

Krav til utdanningsinstitusjonen i Eurasia

Institusjonane som stipendmottakarane vert rekruttert frå, må vere nasjonalt godkjente høgare utdanningsinstitusjonar, som tilbyr ei utdanning på eit nivå som kan samanliknast med nivået ved studiestaden dei vert rekruttert til i Noreg.

Søknadsvurdering

I vurderinga av søknader om stipendplassar frå norske institusjonar vil følgjande kriteria bli lagt til grunn:

- 1) I kva grad bruken av stipendplassane er i tråd med måla for stipendordninga, slik desse er definert ovanfor, og i kva grad bruken av stipendplassane støttar opp om formåla med Eurasia-programmet. Det viktigaste kriteriet vil vere om bruken av stipendplassane fører til auka relasjonar mellom Noreg og samarbeidslanda i Eurasia. Sjå også Utanriksdepartementets nettsider om tilskotsforvaltning.
- 2) I kva grad bruken av stipendplassane gir eit langsiktig potensiale for utvikling av forskings- og/eller utdanningssamarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar i Eurasia.
- 3) I kva grad stipendplassane støttar opp om eksisterande forskings- og/eller utdanningssamarbeid mellom den norske institusjonen og institusjonane i Eurasia.
- 4) I kva grad det i rekrutteringa til stipendplassane vert lagt vekt på å oppnå ein god kjønnsbalanse.
- 5) Geografisk samansetjing av den totale stipendporteføljen innanfor landa Eurasia-programmet omfattar.
- 6) Samansetjinga av den totale stipendporteføljen i høve til fordeling mellom heilgradstipend og stipend til delstudiar. Minst halvparten av det totale talet på stipendplassar bør brukast til delstudiar.